



Referat frå møte i samarbeidsutvalet og skulemiljøutvalet

Stad: Spildepollen skule, møterom i 1. høgda

Dato: 07.12.2022

Tid: 18:00

Desse blei kalla inn:

- For lærarane: Iselin Børnes, Charlotte Hjørnevik
- For andre tilsette: Sandra Johannessen
- For foreldre: Lisbeth Hjelle og Elisabeth Kløve
- For kommunen: Linda Selheim, Line Eide Storesund
- For elevane: Nora Elise og Styrk

Desse meldte forfall:

- Iselin Børnes, Elisabeth Kløve, Line Eide Storesund.
- Goulwen Gouraud møtte i Elisabeth Kløve sin stad.

Saksliste:

- Godkjenning av innkalling

Innkallinga blei godkjend utan merknader.

- Val av referent

Linda Selheim

- Informasjon om elevrådsarbeid

Rektor informerte litt om elevrådsarbeidet. Elevrådet har møter ca ein gong i månaden. Vi har to representantar frå kvart årssteg frå 2. til 7. årssteg. Vi praktiserer god møtekultur med innlegg og replikk, diskuterer og har avstemmingar. Rektor er oppteken av at elevane skal erfare eit reelt elevdemokrati der dei blir høyrte og får vere med på å bestemme.

Elevane meldte tilbake at dei tykkjer elevrådsarbeid er kjekt og at dei opplever at det som blir bestemt blir satt ut i verk.

Innspel av lærar var å ha fleire saker frå rektor som blir meldt på førehand og diskutert i klassane før kvart møte.

- Elevane om elevmedverknad og skulemiljøet

Elevane fortalte om korleis dei opplevde å ha medverknad og korleis dei opplevde skulemiljøet. Elevane vil ha meir medverknad, og dette er noko skulen jobbar med. Vi har skåra lågt på dette emnet i tidlegare elevundersøkingar og har no dette som eige punkt i oppfølgingsarbeidet vårt. Elles opplever elevane eit godt og trygt skulemiljø utan mobbing.

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258



Dei vaksne på skulen opplever stygg språkbruk frå elevane. Dei har ein negativ språkbruk seg imellom og dei har lett for å kome med skjellsord både til kvarandre og vaksne. Dette kjem i tillegg til ei stor auke i banning. Dette blir opplevd som belastande for medelevar og dei tilsette.

Foreldra føreslår ein aksjon på nyåret, ein «snakke-fint-aksjon». Dei også legg merke til dårleg språkbruk på fritida og arenaer som t.d. fotballbanen. Dei tipsar skulen om å alliere seg med ulike idretts- og fotballlag for å lage ein samkøyrte aksjon. Rektor snakkar med dei tilsette og iverkset ei slik aksjon på nyåret.

- Rektor om planarbeid

Rektor presenterte ikkje alle planane til skulen, men fortalte om korleis skulen jobba med ulike planar. Vi har stor medverknad blant dei tilsette på skulen og jobbar godt med å utvikle eit godt profesjons- og læringsfellesskap. Vi baserer oss på skulebasert vurdering-og utvikling i tråd med kommunen sine planar. Vi bruker altså våre eigne data og tall etter ulike undersøkingar, t.d. resultat etter elevundersøkinga og nasjonale prøver. Vi analyserer i fellesskap, lagar oppfølgingsplanar og evaluerer desse undervegs. Vi hentar inn ekspertise på andre områder når dette krevst.

- Gjennomgang og revidering av ordensreglementet til skulen

Ingen innspel. Vi beheld ordensreglementet slik det er.

Mvh

Linda Selheim

Rektor Spildepollen skule og referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258